

Tre viktige hendingar på Hareidlandet i 2007

På dei neste 6 sidene presenterer eg 3 viktige hendingar for Hareid og Ulstein i 2007. Dei er, i alfabetisk rekkefølge:

1. Eiksundsambandet
2. Golfbane i Hareidsdalen
3. Trekantbytet i Ulstein - Folkehøgskulen til Varleite
- Nytt hotell på Sanden
- Kulturhus i Ulstein

Eika

Som ein del av Eiksundsambandet har øya Eika blitt knytt saman med Hareidlandet. Øya vil utan tvil få ein renessanse i åra som kjem. Her tek eg med litt av øya si historie. Sjå elles det eg skriv lenger bak om nokre utflytta under Ørsta (Eika).

Då eg laga sida **Ørsta (frå Eika)** side 490 hadde eg avtalt møte med Sonja og Oddvar der dei vaks opp. Palmelaurdag køyrer eg meir eller mindre lovleg over den nye Eiksundbrua for første gong. Sonja fortalde meg at det kunne dei gjere no. Parkerer bilen og tek føtene fatt over til sørsida av øya. Då eg laga PB2000, var eg også på Eika og skreiv om Torfinn Vingen, den einaste fastbuande på øya då. Norvald Myrene skyssa meg over.

På vegen går eg forbi den idylliske skulestova, kanskje den minste eg har sett. Frå Herøysoga finn vi, sitat:

Bygget kom frå Sykkylven. Lærer Ole J. Eiken, Hans Paulson Sunde og Ole K. Eiken sette i gong bygging av forsamlingshus på Eika. Dei kjøpte ei jordstove frå Sykkylven og førde ho hit på seksringen til Hans, la til i Klungsvågen, og kar og kvinne hjelptest åt med å bere materialen på plass. Den 21.12.1914 vart huset innvigd av sokneprest

Ristesund. Det fekk namnet "Ekøens forsamlingshus".

Eika hørde til Eiksund krins frå 1892. I 1926 søkte oppsittjarane der om å få eige skulehald, men barnetalet var ikkje stort nok. I 1929 var der 10 skuleborn. Året etter vart Eika utskild til eigen skulekrins. Forsamlingshuset vart leigt og sett i forsvarleg stand til skulebruk. 3. okt. 1930 vart det vigsla til skulehus. - sitat slutt.



På øya er der 2 gardar: Sunde mot nord med 6 bruk: 1. Sunde, 2. Hjellvik, 3. Sunde, 4. Bøen, 5. Klungsvåg og 6. Vangen. På sørsida av øya er garden Eika med 4 bruk: 1. Eika, 2. Einehola, 3. Eika og 4. Eika Østre. I tillegg til dei 10 brukta er der i dag ca 20 hytter. På det meste budde der 75 personar på øya.

Eiksundsambandet 2007/2008

Med fastlandssambandet mellom Eiksund og Ørsta/Volda, har Hareidlandet endeleg blitt ferjefritt.

Eiksundsambandet vart godkjend i Stortinget 1. feb. 2000. Ved ei markering i februar 2003 kunne sambandforkjempar nummer ein, Knut Nærø frå Herøy, ta det første spadestikket. Den 24. feb. 2004 kom ein verkeleg i gong med arbeidet. Opninga var først bestemt til nov. 2007, men er no utsett til februar 2008.

Bompengar. I skrivande stund er det bestemt slik: Det vert ein "ubemanna stasjon" på Sørheimsstranda. Lokale trafikantar kjøper seg ei elektronisk brikke som gjer at ein vert registrert og trekt for kvar gong ein passerer. "Framande" bilar vert fotograferte, og eigaren får rekninga i posten. Utlendingar køyrer gratis inntil vidare.

Kvivsvegen. Eiksundsambandet har fått fortgang i planlegginga av E39 Kvivsvegen. Vegen skal gå frå Volda langs nordsida av Austefjorden til Geitvika, vidare til Kalvatn og så tunnel ved Kviven og ende opp i Grodås i Hornindal. Oddbjørn Pladsen som i dag er leiar for Eiksundsambandet, er allereie utpeika som leiar for det nye storprosjektet. I dag reknar ein med å kome i gong med prosjektet i 2009.



På skissa ovanfor finn vi:

- ① Eiksundbrua med lengd 405 m og total breidd 9,3 m. Seglhøgð 16 m.
- ② Eiksundtunnelen med lengd 7,77 km og største djupn på 287 m. Der er 3 køyrefelt mellom lågpunktet og Eika, og 2 mellom lågpunktet og Steinnesstranda.
- ③ Helgehorntunnelen med lengd 1,16 km
- ④ Morakaåstunnelen, lengd 0,63 km

Eiksundbrua



Frå Eiksund mot Eika

31. aug. 2007



“Huset ved brua”

Etter at brua var så ferdig at ein kunne gå turar over til Eika, har mange av oss lagt merke til det fine tunet på sørsida av brua. Huset har siste åra vore under restaurering. Eigarane er Bjørn Steinar Hjelvik og kona Anne-Mari Hauge. Bjørn saman med broren Arne Egil og søstera Torill vaks opp her. I 1971 flytta faren med familien til Eiksund. Bestefaren Bertinus budde her framleis til han døde i -75.

Bjørn Steinar arva bruket og flytta med familien tilbake i 1989. I det politiske livet var det då optimisme om at Eiksundsambandet snart skulle kome. Men i 1991 låg framdrifta nede og Bjørn m. fam.

kjøpte Gamlebutikken i Eiksund og flytta dit.

No står brua her, og Bjørn og Anne-Mari jobbar på spreng for å få huset ferdig til å flytte tilbake til Eika. Og dei vonar fleire vil følgje etter.

Anne-Mari jobbar i kantina på Ulstein vgs og Bjørn Steinar er kaptein på eit ankerhandteringsfarty eigd av Farstad shipping.